



Protokoll frå årsmøte i HLF Nordhordland torsdag 12.02.2015.

1. Årsmøtesaker:

- *Godkjenning av innkalling og sakliste.
Godkjent utan merknadar.

2. Val av:

- *Dirigent: Arnfinn Halland vart vald.
- *Protokollsekretær: Torill Helland vart vald.
- *To personer til å skrive under protokoll: Rolf Gudmundsen og Rolf Skare vart vald.
- *Tellekorps: Grunna få framkomne såg me det ikkje nødvendig å velja tellekorps.

3. Saker:

- *Årsmelding 2014.

Godkjent utan merknadar.

- *Rekneskap og revisjonsmelding.

Rekneskap godkjent utan merknadar.

Revisjonsmelding vart lagt fram utan undreskrifter frå revisor. Denne vert ettersendt med underskrifter seinare.

- *Årsplan for 2015.

Me planlegg å få Hørselsboksen til Nordhordland slik at den kan nyttast i kampanjen "Hvert øre teller" i mai mnd. Kostnaden med transporten vil verta delt mellom HLF Osterøy og HLF Nordhordland.

- *Budsjett.

Styret har ikkje lagt opp noko konkret budsjet. Dersom nokon ynskjer å reisa på kurs, eller lignende vil dei få dekka sine kursutgifter. Dette gjeld også for dei som evt. måtte ynskja å vera delegat til landsmøte eller delta på Årsmøte i Fylkeslaget.

- *Innkomne saker.

Det var ingen innkomne saker til årsmøte.